



**Balestrand  
Jeger- og Fiskarlag**

**ÅRSMELDING**

**2022**

**Org. Nr. 999 513 042**

## **For styret for Balestrand jeger- og fiskarlag:**

Marit Haram Vannes, leiar

Arle Nyborg-Christensen, nestleiar og kasserar

Møyfrid Dale, sekretær

## **Styremøter**

Styret gjennomførte fem styremøter i 2022. Fire styremøter som telefonstyremøter, og eit styremøte i Esebotn i kontoret på leirduebana.

**Referat frå styremøter** er arkivert på [njff.no/sognogfjordane/balestrand](http://njff.no/sognogfjordane/balestrand).

## **Viktige saker som vart handsama i styret:**

NJFF har gitt laget eit stort tilskot til bruk overfor **flyktningar**. Vi har valgt å invitere ukrainske flyktningar til fiske-/opplæring i februar 2023. Vi har derfor kjøpt fiskeutstyr for knapt kr 6 000 til utdeling til deltakarane. I møte med dei ukrainske flytkningane meldte 10 vaksne ønske om å delta og å ta med barna.

**Jegerprøvekurs** starta 10. november med i alt 12 deltagarar. Fire av desse er busette i Balestrand. Andre deltagarar er i hovudsak frå Høyanger kommune, men ein kjem frå Førde kommune.

Vi har sett av midlar til kjøp av **to hagler** til bruk på leirduebana. Søknadane er til handsaming hos Politiet med lang sakshandsamingstid.

### **Leirduebana – vedlikehald:**

Vidar har malt andre strøket på standplasshuset utvendig.

Marit og Thor Christian har beisa kontorets utsida.

Arle har plukka leirduer på skytesektoren.

Thor Christian slo graset på skytesektoren.

Thor Christian sette på plass luka på kastehuset i haust.

**Prisar på leirdueskyting** er fastsett til kr. 100,- for ein serie leirduer for medlemmar, og kr. 125,- for ikkje medlemmar.

## **NJFF-båten:**

Vi har fått båtplass i Esefjorden via Hermund med en engelskmann på nordsida av Esefjorden.

## Aktivitetar i 2022

**Jegerprøvekurs** med jegerprøveinstruktør Marit Haram Vannes vart fullført med eksamen i mai. Resultata som deltagarane leverte var heilt upåklagelege.

**Innskyting av rifle for damer** på riflebana i Esebotn hadde tre deltagarar.

**Fiskesommar** i Esebotn med Vidar Heier som ansvarleg hadde to barn med foreldre som deltagarar. Været var heller dårlig denne søndagen, men mange hadde meldt positiv interesse på førehand. Ei fotballturnering for barn kolliderte med vårt arrangement.

**Hjortejaktskule** med Vidar Heier som rettleiar hadde fire deltagarar.

**Jegerprøveinstruktør** Marit Haram Vannes oppdaterte godkjenninga med ytterlegare fem år.

**Leirduebana opna** 2. juni for leirdueskyting på torsdagar. Fem i laget er standplassleiarar.

## Avlyste aktivitetar:

**Fiske med sluk for innvandrarar** var avlyst, fordi vi ikkje kunne nå aktuelle deltagarar.

**Leirdueskyting** for damer vart avlyst.

**Kurs i gapahukbygging** vart avlyst.

**Familieaktivitetsdag** i Kvamsøy vart avlyst.

**Fiskeskule** for djupvassfiske vart utset til 2023 på grunn av at aktuell båt som skulle nyttast til kurset vart teken av sterk vind ved Esefjorden.

## Årsplan aktivitetar 2023:

Fiskesommer, Roy Kennet, mai/juni

Hjortejaktskule, Vidar, haust

Ladekurs, Geir Olav, april

Sikkerhetskurs før jakta/informasjon om aktivitetar/styresaker – medlemmar med servering av hjortegryte

Familiedag i Kvamsøy med fiske og grilling, Roy Kennet, juni

Fiskeskule djupvatn, Are kokk Sygna

Innskyting av rifle for kvinner – to kveldar, Geir Olav/Hermund, torsdagar

Skytesimulatorkveld, Marit/Arle, unge

Jegerprøvekurs, Marit

Leirdeirdueskyting to kvelder – opplæring, Thor Christian, sommer, unge, tirsdagar

Fuglekassebygging, Hans/Tore, 14. mars, unge

Stand i Holmen med fiske for unge, Hermund/Marit

Matkurs i naturen plukke blåbær/steike, haust, Marit, unge

## **Plan for oppfølgingar i 2023:**

Trappa og gjerde rundt standplass må fullførast.

Arle setter inn lås på kontordøra.

Marit søker om tilskot til jegerprøvebøker frå viltfondet. Søke om dekking av oppdatering for jegerprøveinstruktør frå viltfondet.

Politiattestar for instruktørar for barn og unge følgjast opp.

Logoane frå tilskotytarane må på veggen på standplasshuset.

Vurdere å installere lyskastarar på leirduebana.

Thor Christian søker i lag med Kurt Kleive forbetre kastaren på leirduebana.

Balestrand, 30. januar 2023

Marit Haram Vannes

Leiar